

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **16. februar 2017** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 12.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Eldbjørg Sivertsen (Krf) Tormod Skeie (SV) og Otto Underbakke (H)
FORFALL:	Berit Myrland (SV)
MØTANDE VARAMEDELEM:	Silje Helen Færøy (AP)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Frode K. Gøthesen, Rogaland Revisjon IKS
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Øyvind Valen til og med sak 3 og presse
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL 10.11.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 16.02.17:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.02.17:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 16.02.17

1. Statusoversikt pr. februar 2017
2. Haustkonferansen i Sandnes 17.11.16 – evaluering/oppsummering
3. Rapport frå NKRF-konferansen - evaluering/oppsummering
4. Tertialrapport pr. 31.12.16 frå Rogaland Revisjon IKS
5. Oversikt over statlege tilsyn i 2017 – frå Fylkesmannen i Rogaland
6. Tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap – rapport frå Fylkesmannen
7. Årsrapport 2016 - skatteoppkrevjaren i Suldal kommune
8. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 16.12.16
9. «Travle kontrollutvalg» – Kommunal rapport 26.01.17
10. Nye maler for normalberetninger 2016 – Informasjonsskriv 8/2016 frå NKRF

Handsaming i kontrollutvalet 16.02.17:

Leiar gjorde greie for sakene. E. Sivertsen fortalte frå konferansen i Sandnes. Foredraga om varslings og korrupsjon hadde vore særskilt interessante. Sekretær fortalte frå ein interessant og lærerik konferanse i regi av NKRF på Gardermoen. Frå Suldal hadde Berit Myrland deltatt. Tema hadde mellom anna vert om sosial dumping og arbeidskriminalitet, varslings sak i Tromsø og korrupsjonsaka i Drammen kommune.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.02.17:

Referatsakene 1 – 10 blir tatt til orientering.

SAK 03/17 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «PLEIE OG OMSORG»

Sekretariatet si innstilling:

1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Pleie og omsorg» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 16.02.17:

Forvaltningsrevisor Gøthesen presenterte rapporten. Han gjorde greie for bakgrunn for rapporten, mandat, føremål, hovudfunn og revisor sine vurderingar. Han forklarte om revisjonen sine tilrådingar.

Medlemmene kommenterte og drøfta innhaldet i rapporten.

E. Sivertsen var fornøyd med rapporten. Ho meinte den samsvarte med bestillinga og gav gode innspel til det vidare arbeidet. T. Skeie meinte at konklusjonane viste mellom anna at det var høgt nivå på tenestene, som var ønskja politisk, men at det ikkje var noko sløsing.

S. H. Færøy var kritisk til at rapporten var mykje oppramsing av KOSTRA- tal. Ho sakna djupare analyser og vurderingar, særskilt vurderingar av kvaliteten på tenestene. Fleire i utvalet tok også til ordet for at kvaliteten på tenestene ikkje var gitt nok merksemd.

Revisor svara på spørsmål om mellom anna kvalitetsvurderingar. Det var vanskeleg å vurdere kvalitet og få faktorar å nytta. Han peika også på det ikkje var blitt gjennomført ei brukarundersøking slik som kommunen hadde planer om i 2016.

Rådmannen kommenterte rapporten. Han ville arbeide vidare med tilrådingane og nytta rapporten i det vidare arbeidet med å planlegge den framtidige organiseringa av sektoren.

Utvalet støtta framlegget til innstilling og var nøgd med revisor sine tilrådingar.

Leiar takka revisor for presentasjonen og for godt arbeid med rapporten.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.02.17 og innstilling til kommunestyret:

- 1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Pleie og omsorg» og tek denne til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
- 3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 04/17 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll av «xxxxx» i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 16.02.17:

Leiar innleia. På spørsmål frå utvalet opplyste sekretær at han ikkje var kjent med at det var tatt initiativ for selskapskontroll av noko interkommunalt selskap.

Utvalet var samd om å følgja prioriteringslista for forvaltningsrevisjon og prosjektet nr. 2 om «Innsparing, effektivisering og forenkling».

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.02.17:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll av «Innsparing, effektivisering og forenkling» i neste møte.

SAK 05/17 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2016

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2016 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2016 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 16.02.17:

Leiar orienterte kort om saka og gav uttrykk for at det var ein innhaldsrik årsrapport.

Utvalet slutta seg til innhaldet, slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.02.17:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2016.

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2016 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 06/17 ENDRA MØTEPLAN FOR 2017

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar å endra vedtatt møteplan for 2017 med følgjande endring:

ny dato blir tysdag 25.04.17 (27.04.17 utgår).

Handsaming i kontrollutvalet 16.02.17:

Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.02.17:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar å endra vedtatt møteplan for 2017 med følgjande endring:

ny dato blir tysdag 25.04.17 (27.04.17 utgår).

YMSE

Leiar syntte til reglane i kommunelova § 31 nr. 4 om omsyn til personvern og ønskte at **møtet blei lukka**. Utvalet vedtok samrøystes at møtet blei lukka.

Sak frå innbyggjar

Utvalsleiar orienterte. Ho var blitt kontakta av ein innbyggjar om ei klage på helse- og omsorgstenesta. Medlemmene drøfta saka og meinte den ikkje var innafor utvalet sitt mandat. Sekretær vart beden om å skriva eit svarbrev der det vert synt til klageordningar, som fylkeslegen og pasientombodet.

Neste møte: 25.04.17, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 16.02.17

Vanja Ignjatic
Leiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær